



# Fylkesmannen i Vest-Agder

## Utdanningskontoret

Saksbehandler: Jan Kåre Jenssen  
Tlf.: 38 17 68 18

Deres ref.:  
Vår ref.: 2011/6381

Vår dato: 19.10.2011  
Arkivkode:

---

Grunnutdanning i Vest-Agder

### **Framlegg til skolerute for grunnopplæringa i Vest-Agder skoleåret 2013-2014.**

KS Agder, Fylkesmannen i Aust-Agder og Fylkesmannen i Vest-Agder, Utdanningskontoret, har utarbeidd framlegg til felles skolerute for grunn- og vidaregåande skolar for skoleåret 2013/2014. Skoleruta er utarbeidd og koordinert slik at Aust- og Vest- Agder har lik skolerute medan vinterferien i Rogaland er lagt til ei anna veke enn Agderfylka i samsvar med praksis.

Vi viser til § 2-2 i opplæringslova der det går fram at det er kommunen som gir forskrift om skole- og feriedagar for elevane og at forskrifta skal vere tilpassa avvikling av nasjonale prøver og eksamenar. Tilsvarende for fylkeskommunen viser vi til opplæringslova § 3-2.

Framlegget er utarbeidd ut frå bl.a desse føresetnadene

- Skoleruta skal ligge innanfor ei ytre ramme på 45 samanhengande veker og skal omfatta 38 skoleveker for elevane, jf §§ 2-2 og 3-2 i opplæringslova. Skolestart for elevane er lagt til veke 33 i 2013 og skoleslutt til veke 25 i 2014.
- Kommunane / fylkeskommunen skal legge til rette for planleggingsdagar/eventuelle kurs -og kompetanseutviklingsdagar.
- Haustferien er lagt til veke 40. Tidspunktet for nasjonale prøver vil og ha innverknad på tidspunktet for haustferien. Dei tek vanlegvis til veke 42, men dette varierer.
- Sørlandsk lærerstevne /planlegging fredag 18. oktober i veke 42.

Vi gjer framlegg om å legge vinterferien til veke 10 i 2014.

Les heile framlegget på neste side.

Med hilsen

Gunnar Skaar (e.f.)  
utdanningsdirektør

Jan Kåre Jenssen  
seniorrådgiver

**FRAMLEGG TIL SKOLERUTE FOR SKOLEÅRET 2013 – 2014:****Hausten 2013****Skoledagar**

|           |   |    |
|-----------|---|----|
| August    | Skolestart onsdag 14. august.   | 13 |
| September |   | 20 |
| Oktober   | Haustferie veke 40 fom<br>mandag 30. september tom<br>fredag 4. oktober.<br><br>Sørlandsk lærerstevne/<br>planleggingsdag i veke 42, dvs<br>fredag 18. oktober. | 18 |
| November  |   | 21 |
| Desember  | Siste skoledag før jul fredag 20.<br>desember.  | 15 |

**Skoledagar hausten 2013****87****Våren 2014****Skoledagar**

|         |   |    |
|---------|---|----|
| Januar  | Skolestart mandag 6. januar.  | 20 |
| Februar |   | 20 |
| Mars    | Vinterferie i veke 10, dvs<br>mandag 3. mars tom fredag<br>7. mars.             | 16 |
| April   | Påskeferie fom mandag 14.<br>april tom tirsdag 22.april.                        | 15 |
| Mai     | Fri torsdag 1.mai, fredag 2.<br>mai, torsdag 29.mai (Kristi<br>Himmelfartsdag). | 19 |
| Juni    | Måndag 9. juni (2.pinsedag)<br>Siste skoledag er torsdag 19.<br>juni.           | 13 |

**Skoledagar våren 2014****103**